

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018**

Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er medlem i styret for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland. Gunnar Bakke (Frp) og May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlem (Bakke) og møtande varamedlem (Sandvik) i styret for Sunnhordland museum.

Aakre, Bakke og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om de var inhabile. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Kari Foseid Aakre, Gunnar Bakke og May Eva Sandvik ikkje var inhabile.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tar oversikta over musea som mottek statlege tilskotsmidlar til vitande.
2. Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarande snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.